



Til meldingsinstansar, lag og foreningar

Varsel om oppstart av planarbeid for planID 20240810; **Detaljregulering for massetak ved Kvernhuskogon på Ålvundeid**

Vi viser til plan- og bygningslova §12-8, og varslar oppstart av arbeidet med å regulere areal for eit massetak på Ålvundeid i Sunndal kommune. 3Dsmia ved Åse Bergset skal utarbeide planen på vegne av Alf Engen AS, som er tiltakshavar. Førebels planareal er på om lag 90 000 m², og plassering og utstrekninga er vist på figurane under.



Planområdet på Ålvundeid



Utsrekning av førebels planområdet på Ålvundeid

Planarealet er vist som LNF i gjeldande kommuneplan, i tillegg til at det er vist omsynssone med tanke på rasfare på store delar av området. Forslagsstillar og kommunen er einige om at planen ikkje utløyser krav om KU eller planprogram. Dette skrivet blir sendt til aktuelle offentlege etatar, grunneigarar på naboeigedomar og relevante lag/foreningar. I tillegg vil oppstart av planarbeidet bli annonsert i Driva og på Sunndal kommune si heimeside. På kommunen si heimeside (<https://www.sunndal.kommune.no/toppmeny/kunngjoring-horing/>) finn du også kopi av planinitiativ med ytterlegare informasjon om planen. I tillegg ligg det kopi av adresselister og referat frå oppstartmøtet på kommunen si heimeside.

Spørsmål eller innspel til planarbeidet kan rettast til Åse Bergset på e-post: post@3dsmia.no. **Frist for å kome med innspel til arbeidet med planen er 14 . oktober 2024.**

Valsøybotn, 11. september 2024

Med venleg helsing,

Åse Bergset